

Ung og kreativ? Lag logo til breprosjekt

SOGN DAL: Prosjektet for å overvaka Tunsbergdalsbreen byrjar å få ting på plass, men manglar ein logo. No kan unge designerspirer melda seg på ein logokonkurranse.

– No byrjar 2009-ekspedisjonen å ta form. Me er i gang med førebuingane, og frå neste år blir det ungdom som deltek, seier prosjektleiaren Karen Weichert.

Men prosjektet treng ein logo som skal brukast på mellom anna nettsida og t-skjorter. Difor lyser Weichert saman med Sogn Avis ut ein logokonkurranse for ungdom.

– Kan engasjera ungdom

– Eg tykkjer det er eit spennande prosjekt dei skal setja igang, og som kan gje oss ein del stoff over åra som kjem. Me kan vera med og følgja utviklinga, og laga reportasjar på den lokale og internasjonale leiren, seier ansvarleg redaktør i Sogn Avis, Jan Inge Fardal. Redaktøren meiner det er viktig at ein har denne type prosjekt.

– Miljøutfordringa er så stor, så me må bidra litt nokon og ein kvar. Me kan bidra med å setja fokus på dette. Dette kan engasjera ungdom lokalt, det er eit prosjekt som blir så konkret og målbart, seier Fardal som viser til at det allereie finst mykje grunnlagsmateriale. Samarbeidet med bremuseet er også viktig.

– Bremuseet ligg i Fjærland som er i vårt primærrområde, og alt dei held på med er interessant for oss. Og me må sjølvsagt vera med tur ein fram på første leiren, seier Fardal, som håpar på bra engasjement rundt konkurransen.

Overvaking over mange år

Målet er å overvaka den store Tunsbergdalsbreen, som er ein brearm til Jostedalbreen, for å følgja med klimaendringane – kanskje så lenge som 50 år. I fjor var ei gruppe ved breen og laga målepunkt og gjorde dei første målingane. Prosjektet vart til etter at engelskmannen John Price vitja Fjærland i 2006. Han var i 1959 med i ein forskingsekspedisjon til breen, og då han kom attende til Sogn for første gong etter det i 2006 vart han inspirert til å starta eit nytt prosjekt.

Målet til Price er å bevisstgjera ungdom i høve til klimaproblematikken.

– I år er ekspedisjonen for dei som skal vera leiara, som reiser for å bli kjent med området, seier Weichert.

Det norsk-britiske samarbeidsprosjektet har fått med seg Anne



TRENG LOGO: Karen Weichert er leiara for eit prosjekt der ungdom skal vera med og overvaka Tunsbergdalsbreen. No inviterer ho ungdom til å utforma logoen.

Rudsengen og briten Paul Williams som leiara.

– Det er veldig kjekt å ha med Anne som har lokalkunnskap, og masse kunnskap om nasjonalparken og breen.

Fleire støttespelarar

Snøballen byrja å rulla etter at

Weichert og Price kom i kontakt med kvarandre. Price tok mange flotte bilete frå turen i 1959, som han gav til bremuseet, og eitt av dei fekk Weichert bruka eit til bokomslag. Så gjekk det slag i slag, og prosjektet er no eit samarbeid mellom britiske organisasjonar og Norsk Bremuseum. NVE og Stat-

kraft er også støttespelarar. I fjor tok den første gruppa seg til breen via Tunsbergdalsvatnet. – I år vil me prøva å nytta den tradisjonelle ruta som Price brukte, gjennom Krundalen og Røykjedalen, seier Weichert.

I Storbritannia er det allereie mange som har meldt si interesse

for prosjektet – det er utvilsamt attraktivt for britane å reisa på bre-ekspedisjon til fagre Sogn.

Keth Øren

keth.oren@sognavis.no



Lag logo til Prosjekt Tunsbergdalsbreen

- Fristen for å senda inn logo er 6. mars.
- Konkurransen er open for ungdom og unge vaksne opp til 30 år.
- Logoen skal helst spegla att at dette handlar om klima og breen, at det er eit prosjekt for ungdom, at det har karakter av ein ekspedisjon og at det blir utført eit måleprogram.
- Bidraga blir vurderte av ein jury.
- Beste bidrag blir premiert med livsvarig medlemskap på Norsk Bremuseum og t-skjorte.
- 2. og 3. premie er t-skjorter.
- Send inn til konkurranse@tunsbergdalsbreen.no, eller Prosjekt Tunsbergdalsbreen ved Norsk bremuseum, 6848 Fjærland. Merk bidraga med namn, alder, e-post adresse og telefonnummer.

Fakta:

Tunsbergdalsbreen

- Om lag 14 kilometer lang og opp til 2 kilometer brei.
- Overvakingssprosjektet er eit samarbeid mellom Norsk Bremuseum, britiske Brathay Exploration Group (BEG), som arrangerer ekspedisjonar for ungdom, og Blencathra Field Centre, som tilbyr utandørs utdanning.
- Prosjektet skal måla endring i breen sin tjukkeleik, farten til isen og frontposisjon. Til dette blir det nytta GPS-utstyr, laseravstandsmålar og steinmerke.
- Første ekspedisjon med ungdom blir i 2010.



MÅLEPUNKT: Målingane kan gjerast på ein enkel måte ved hjelp av laser, kompass og GPS. Glasiolog Stefan Winkler målar avstand medan student Franziska Engelen markerer på berget. (Arkivfoto)



BREARM: Tunsbergdalsbreen er ein utlopar til Jostedalbreen, og har i høve til eldre kart og bilete trekt seg attende. Frå enden av Tunsbergdalsvatnet tek det om lag ein time å koma seg til brefronten. (Arkivfoto)



BRITISK INTERESSE: Det var John Price som tok initiativet til prosjektet, og seinare har to britiske organisasjonar engasjert seg. I fjor haust teikna dei ein intensjonsavtale, frå venstre: John Price, Graham Derrick (BEG), Karen Weichert og Tim Foster (Blencathra). (Arkivfoto)